

**Fra:** Aud Karin Oen (audkarino@hotmail.com)

**Sendt:** 07.06.2019 14:11:36

**Til:** Folkevalde

**Kopi:** Anne Gine Hestetun

**Emne:** Spørsmål til ordfører, tingsete juni 2019

**Vedlegg:**

**Nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjering av Odda, Stord og Voss til sørviskontor.**

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har Statens Vegvesen levert utgreiing om framtidig organisering. Denne utgreiinga tilrår ei endring frå dagens regionstruktur til ein divisjonsstruktur.

Slik eg forstår dette er bakgrunnen for gjennomgangen og rapporten den vedtekne endringa vedkomande administrasjon av fylkesvegane som skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Kvam formannskap ber Samferdselsdepartementet oppretthalda det ambulerande tilbodet for førarprøver for lette klassar i regionsenteret Norheimsund. Tilbodet er foreslått lagt ned i Statens vegvesen sitt forslag til lokalisering divisjoner og tenesteleveransemodell og tenestestruktur for TK-området som er oversendt departementet 20. mai 2019.

Rapporten frå Capgemini, "Områdegjennomgang av Statens vegvesen Del 2b" er område Hordaland omtala slik:

«Område - Hordaland

I forslaget til ny tjenestestruktur vurderes det som fordelaktig å legge ned tilbudet i Norheimsund. Videre foreslås det å gjøre tjenestestedene i Odda, Stord og Voss til servicekontorer. Tjenestestedene i Bergen kan med fordel opprettholdes som i dagens tjenestestruktur. Inndelingen i et servicekontor for trafikanttjenester samlokalisert med vegkontoret i sentrum og en sambruksstasjon for kjøretøytjenester i Åsane er i tråd med slik fremtidig tjenesteleveranse er tiltenkt, og modellen har fungert godt i Bergen.

Den nye tjenestestrukturen som er skissert i Hordaland innebærer at teoretiske førerprøver og praktiske førerprøver for lette førerkortklasser vil tilbys ved samtlige lokasjoner. Servicekontoret i Odda vurderes samlokalisert med offentlige virksomheter som f.eks. kommunen. Dermed kan avhending vurderes for trafikkstasjonen som Statens vegvesen eier i Odda. Ved avhending av bygget i Odda må det i så fall tas hensyn til de henholdsvis 18 ansatte fra andre funksjoner i Statens vegvesen som er samlokalisert her. Det bør vurderes mulige nye kontorsteder for disse. Trafikkstasjonen på Voss eies av Statens vegvesen, og 34 ansatte fra andre funksjoner i etaten er samlokalisert her. Omgjering fra trafikkstasjon til servicekontor på Voss reduserer arealbehovet, men det kan være utfordrende å flytte til en ny lokasjon og muligheten for å leie ut ledig areal i kontrollhallen bør vurderes.»

Ei nedlegging av tilbudet i Kvam og endring av dagens trafikkstasjonar i Odda, Voss og Stord til servicekontor vil vera svært negativt. Det vert oppfatta som ei sentralisering og utflytting av tenester. Dette kompliserer kvardagen til folk og elevar må reise vekk for å ta kjøreopplæring og det kan ha innverknad på innsøkinga til den vidaregåande skulen i Kvam. Dei tre kjøreskulane som driv næringsverksemd vert hardt råka.

Er fylkesordføraren kjendt med desse forslag til endringar og

er det noko fylkesordføraren vil og kan gjera for å påverka dette?

Beste helsing

Aud Karin Oen

Tlf: 92225195